

Alver kommune ved landbruksavdelinga
Kjartan Nyhammer

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/15165 - 20/74178

Saksbehandlar:

Anne Lise Molvik

anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:

19.11.2020

Oversender søknad for behandling etter jordlova (parsell 2) - gbnr 220/2 og gbnr 220/9 Store Urdal

Tiltak:

Byggjestad:

Gbnr: 220/2

Tiltakshavar:

DC Eikefet Aggregates AS

Saka gjeld søknad om arealoverføring av eit areal på 10 920 m² frå gbnr 220/2 til gbnr 220/9. Areal som skal overførast omfattar tilkomstveg til gbnr 220/9 og omkringliggjande areal.

Tiltaket er nabovarsla. Det ligg føre merknadar frå eigar av gbnr 220/1.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Eikefet Urdal steinbrot og deponi, planid 1 263-201 1 07, er avsett til naturføremål av LNF(LNA).

Det går fram av kommunedelplanen for Lindås 201 9 –2031 at reguleringsplanen gjeld med endring/supplering av kommunedelplanen der reguleringsplanen ikkje har egne føresegner om temaet..

VURDERING

Byggesak har ved gjennomgang av søknaden sett at tiltaket er i strid med både arealføremålet naturføremål og byggegrensa langs vassdrag slik ho går fram av kommunedelplanen for Lindås 201 9 –2031. Vi kan ikkje sjå at det er gjort greie for forhold som tilseier at arealoverføringa kan gå til uendra bruk og det er heller ikkje drift på nokon av gardsbruka. Byggegrensa langs Urdalselva er 20 meter, jf. føresegn 2.6.1 i kommunedelplanen. Vi har etterspurd søknad om dispensasjon.

Søknaden vert send over til landbruksavdelinga for vurdering av om arealoverføringa krev behandling etter jordlova.

Frist

Frist for tilbakemelding er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Arealoverføring parsell 2 - gbnr 220/2 Store Urdal
Nabovarsel
Merknader til nabovarsel

Mottakarar:

Alver kommune ved landbruksavdelinga